



Utsyn mot Osafjorden.

Rute og ymse av interesse

Terrang: Første del på veg, deretter sti med litt stigning, men mest lett skogsterreng

Tid: 3-4 timar

Turen starter i Holmen (1) Her budde «Køllejomfruene» i si tid. Dei to yngste livnærte seg ved å sy for folk. Saumteknikken «Holmajomfru» (brukt i bringeklutar), vart utforma av desse to. Den eldste av systrene, Catharina Hermine (1788-1853), vart kalla Noregs første kvinnelege turist. Ho reiste vidt omkring både i inn- og utland, og skreiv, teikna og måla det ho såg. Huset dei budde i vart rive i 1950. I dag har Hjeltnes Gartnarskule veksthus og demonstrasjonshage for sommarblomar her. Det gule huset, «Holmahuset» vart oppført i 1898 og er rektor sin bustad.

Frå parkeringsplassen følgjer du bilvegen mot Hjeltnes og Rondestveit. Den vart opprinneleg bygd som gardsveg til garden Viknes.

Fortsett rett fram forbi bustadfeltet på Hjeltnes (2) Alle husa her er oppført etter 1974. Snart passerar du frukthagane på Hjeltnes og like etter når du sjølv tunet på Hjeltnes Gartnarskule (3). Skulen vart grunnlagd 1901. På det fyrste kurset som varde i 8 månader gjekk det 9 elevar. I 1936 skifte skulen namn til Statens Gartnarskule Hjeltnes og i 1996 til Hjeltnes Gartnarskule. Skulen har i dag 70 elevar, fordelt på 5 klassar og er framleis den einaste gartnarskulen på Vestlandet. Ta til venstre bak låven, gå under låvebrua og følg driftsvegen opp til bøgarden. Her går du igjennom eit le og vidare på stien opp gjennom skogen til du når skogsbilvegen. Gå til høgre mot Hylmestveit (4), vårstølen til garden Viknes. Her ligg fleire gravrøyser og ei segn fortel at det var her oppe busetnaden var før dei flytte ned til Viknes. Næringsgrunnlaget på garden i dag er gartneridrift, frukt og tømmerhogst.

Frå velteplassen har du fin utsikt til bygdesenteret og Skåråfjellet (1583.m.o.h.). Gå 50m tilbake og ta til høgre på skogsbilvegen gjennom skogen, til Vattatveit (5). Garden vart nemnd som «Øydegard» i 1603, noko som tyder på at det har vore busetnad her før Svartedauden. Det skal og vera vister etter gamle hustuffer på garden på ein annan stad enn der husa ligg i dag.

Route and places of interest

Terrain: First part on road, followed by a path with some incline, but mostly easy forest path.

Time: 3-4 hours

The walk starts at Holmen (1). The “Virgin Sisters” once lived here. The two youngest earned their living as seamstresses. They invented a special stitching technique for traditional national dress bodices which is still in use today.

The oldest sister Katrine Hermine (1788-1853) was known as NorwayÆs first female tourist. She travelled far and wide and wrote down, drew and painted all she saw on her travels. The house they lived in was demolished in 1950 and the greenhouses and gardens of the Hjeltnes Horticulture College are built on the site. The old yellow building “Holmahuset” was erected in 1898 and is the home of the headmaster.

Follow the road from the parking area towards Hjeltnes and Rondestveit. The road was originally the farm road for Viknes Farm.

Carry on past the houses at Hjeltnes (2). All buildings here have been erected after 1974.

You are soon passing the fruit orchards at Hjeltnes and then you enter the grounds of the Hjeltnes Horticulture College (3), established in 1901. The first year there were 9 students but the school is now state run and has 70 students. It is the only School of Gardening in Western Norway.

Turn left behind the barn, walk under the barn bridge and follow the road up to the fence. You walk through a gate and further on through the woods until you reach the forest road. Turn right towards Hylmestveit (4), the Spring pastures of Viknes Farm. There are a number of old burial mounds here, and it is believed that there was a settlement here that was later moved down to Viknes. The basis activity at the farm nowadays is horticulture, fruit and forestry.

There is a beautiful view of the village and the Skåråfjell (Skåra Mountain) 1583 metres above sea level. Go back 50 metres and turn right on the



No går du rett fram på skogsbilvegen mot Trånemyr (6) Det vert sagt at myra er «botnalaus» og delar av ho fryser aldri til om vinteren. Ungane på Vattatveit henta vatn i denne delen av myra og slo utover, slik at dei fekk skeiseis. I Åsen kan ein råka på hjort, hare og orrfugl, her er mykje bær og sopp, men og hoggorm.

Frå Trånemyr tek du til venstre og følgjer traktorvegen mot Håheim. No har du eit flott utsyn til Osa-fjorden (7), som strekkjer seg frå Bangsnes til Osa, elva Døgro som kastar seg utover fjellsida og ned i fjorden og fjellet Onen (1621 m.o.h.). På utsida av elva ligg gardane Holkasvik, Bagne og Bolstad. Ved elveosen var det i eldre tid to sager, ei på kvar side av elva med kvar sine eigarar. I dag eig Ulvik Herad vassrettane og elva er verna gjennom Samla Plan for Vassdragsutbygging.

Følg traktorvegen til du står i tunet på Håheim (8). Namnet tyder på at den vart oppteken i slutten av bronsealderen eller i eldre jernalder. Det er fleire gravrøyser på garden, og det er funne ei vevskei frå yngre jernalder, (600-1000 e.Kr.) her. Garden har støl saman med Hjeltnes og Viknes i Slondalen ved Mjølfjell. I dag driv brukarane på Håheim med storfe, sau og gris i tillegg til frukt- og grønnsak- produksjon. Om vinteren er skogen ein viktig arbeidsplass, og fleire av bruka har store skogteigar i Åsen.

Følg bilvegen til den svingar mot høgre. Her tar du av til ventstre på skogsbilvegen og følgjer denne forbi ferista og vidare rett fram omlag 400 m. Ta så til høgre på ein traktorveg og etter om =lag 200 m er du nede i bilvegen til Holmen att. Ta til høgre og følg bilvegen attende til parke-ringsplassen.

God Tur!

forest road towards Vattatveit (5). The farm was mentioned as Øydegard in 1603, indicating that the farm was in use prior to the Great Plague.

Carry straight on along the forest road to Trånemyr (6). It is said that the myr (marsh) is “bottomless” and parts of it never freeze during the winter. The local kids used to carry water from this part of the marsh to make themselves an ice skating rink. You may well run across deer, hare and grouse, the area is rich in wild berries and edible fungi - but watch out for vipers!

From Trånemyr you turn left and follow the tractor road to Håheim. Enjoy the fantastic view of the Osafjord (7) which stretches from Bangsnes to Osa, the river Døgro, leaping from the cliff-face and down into the Fjord and the Onen Mountain, 1621 masl. On the far side of the river you can see the Holkasvik, Bagne and Bolstad Farms. There were two sawmills on the river in the old days. Nowadays the water rights are the property of the Urban District of Ulvik and the river is protected under the preservation of waterways plan.

Follow the tractor road until you come to the farmyard at Håheim (8). The name suggests that there was human activity here at the end of the bronze age or the early iron age. Their are several burial mounds on the farm, and weaving tools from the late iron age (600-1000 AD) have been found here. The farm shares summer pastures with the Hjeltnes and Viknes Farms in Slondalen near Mjølfjell. The farms at Håheim have both cattle, sheep and pigs as well as producing fruit and vegetables. The woods and forests are important sources of income in the winter months and several of the farms own woodlands in the hills.

Follow the road until it takes a turn to the right. You turn off to the left here on the forest road and follow the road past the cattle grid and onwards for another 400 metres. Now turn right onto a tractor road and after about 200 metres you are back on the road back to Holmen. Turn right and follow the road to the parking area. Enjoy your walk!

Hugs:

Grunneigarane har opna opp for turvegen, og alle som fylgjer veg og sti må forvalta denne invitasjonen på best mogeleg måte. Hugs og lat att grindar, ver var om dyr i marka, og far fint med naturen. Ver merksam på lokale reglar for bandtvang for hundar. Sjølv om fotturane er lagt godt tilrette og merka, kan det alltid vera noko som endrar seg, eller synest å mangla. Dei som har lagt turane tilrette, tar ikkje ansvar for skader eller anna som måtte skje under turen. Turen blir gjennomført på eige ansvar og risiko.

Remember:

The landowners have opened their land to visitors, and no-one using the roads or paths should abuse this invitation. Remember to close gates behind you, don't disturb or feed animals, and take care with nature. Dogs must be on a lead. Although the walks are well marked and prepared, things may change, or appear to be missing. Those responsible for laying out the walks do not accept any responsibility whatsoever for any injury or damage caused during any participation in any or all walks.

Lagt tilrette og utgitt av Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga og Hordaland og Bergen Reiselivsråd.